

Jostedal Historielag – Årsmelding for 2016

Årsmøtet vart halde den 23. februar 2016, på Jostedal Hotell.

Saksliste:

1. Velkomst / møteinnkalling
2. Val av møteleiar
3. Val av skrivar
4. Årsmelding for 2015v/ leiar
5. Årsrekneskap for 2015 v/ kasserar
6. Val til styre og ansvarlege for bygningar
7. « til arrangementsnemnd
8. « til boknemnd – kulturhistorisk årbok
9. « av valnemnd
10. « av revisor
11. Medlemskontingent - medlemmer
12. Arbeidsplan / Budget for 2016
13. Andre saker

Etter årsmøtet var det orientering om arbeidet med restaurering av Fossabrui og om stien Døsen – Viva

Sak 1, 2, 3.

Leiar (Olav Stølen) yngste velkommen til årsmøtet og vart deretter vald som møteleiar. Aud Fossøy vald som skrivar.

Sak 4. Årsmelding. Olav Stølen la fram og utgreidde om årsmeldinga for 2015. Det vart diskutert rundt meldinga som deretter var godkjend. Årsmeldinga er seinare utsendt til alle medlemmer i Laget.

Aktivitetar i 2016.

69 medlemer i 2016.

Fossabrui og den gamle ferdavegen Døsen – Vigdal – Ormbergstøl – Viva.

JH har arbeidet med å skaffe midlar m.a. frå «spelemidlar» til restaurering av Fossabrui og til restaurering av vegen frå Vigdal–Flaumparken–Viva. JH kan ikkje søkje om spelemidlar og har derfor gjort avtale med Luster turlag, som inngår som søkjar. Søknaden vart godkjend hjå

Fylkesmannen den 20. februar, 2017 og sendt vidare i systemet. Den restaurere Fossabruui vart opna med stor festivitas 17. september. Kåre Reidar Aasen hadde ansvaret for arbeidet.

Stadnamnprosjektet.

Det er stadig ein del manglar med omsyn til kartfesting og innlesing av ein del namn. JH koordinerer arbeidet med Fylkesarkivet, som til no har digitalisert om lag 15.000 namn. Stadnamna finn du på: <http://www.fylkesarkivet.no>. Knip det med å orientere seg på nettet, kan ein ringje til Randi Melvær/Fylkesarkivet for hjelp.

Kulturhistorisk årbok for Luster, nr. 7.

Arbeidet vart gjort ferdig siste år, boki prenta, og lansert på ei tilstelling på Lustrabui den 1. desember. Jostedal Historielag har ansvaret for bokkontoen og, har i liksom Luster og Hafslø Sogelag, lagt ut kr 15.000 til prentearbeidet. Desse midlar får me no inn igjen. JH har motteke 45 bøker som er til sal mellom anna på Jostedal Hotell.

Vedlikehald av Berget, Skulehust og kverni.

Kverni er i fin stand, og den mol godt på «tradisjonsdagen» den 19. juni. I Berget vart det halde dugnad, i juni, med slått og opprydding rundt husi, og det vart rydda og vaska i stova. Den 3. november tok me også eit tilsyn med husi og kverni og fan at alt var i orden til vinteren.

Kulturhistorisk tur.

Den 12. juni arrangerte JH tur frå Flaumparken–Fossabruui–Dalen–Dalahaugane og ned til Flaumparken att. Ein flott tur, i flott ver og med mange interesserte deltakarar. Turen var ein del av Norsk brefestival.

Rydding av sti.

Alv Nordheim og andre har rydda på stien mellom Mjølver og Nordheim.

Gamle bilete.

Under Markadshelgi i 2001 vart det skanna og registrert 123 gamle bilete som folk hadde med seg til samfunnshuset. Det var laga utskrifter av bileta til ei utstilling. Etter at det kom spørsmål om bileta hausten 2016, har JH lagt ut bileta og den tilhøyrande dokumentasjonen på Internett.

Andre aktivitetar.

Det kjem ofte førespurnader om slekt i Jostedalen mellom anna frå Amerika.

Stønad i 2016.

Laget har fått stønad frå Luster Sparebank (kr 20.000) og frå Luster Kommune (kr 5.000).

Sak 5. Årsrekneskap.

Aud Fossøy la fram og gjennomgikk rekneskapet for 2015. Årsrekneskapet vart godkjent utan merknad.

Sak 6. Val til styre og ansvarlege for bygningar. Ok! Revidert.

Einar Blikra, Lars Neset og Olav Stølen var på val. Lars Neset ynsket ikkje attval og Arne Aasen Hauge vart vald. Einar Blikra og Olav Stølen tok attval for 2 nye år i styret, og Olav Stølen i eit år som leiar.

Styret og nemnder etter val i 2016:

Leiar: Olav Stølen

Kasserar: Aud Fossøy

Sekretær: Oddmund L. Hoel

Styremedlem: Arne Aasen Hauge

Styremedlem: Einar Blikra

Vara medlemer: Frode Svori og Kari Grov

Tilsyn med Berget: Arne Aasen Hauge (leiar), Einar Blikra, Geir Vidar Tuften og Kari Grov.

Tilsyn med Kverni: Asbjørn Aasen, Olav Stølen og Kåre Reidar Aasen.

Tilsyn med Skulehuset: Lise Aasen og Åne Elgersma.

Arrangementskomité: Arne Aasen Hauge, Marit Elvekrok, Mary Aasen og Asbjørg Ormberg.

Boknemnd: Oddmund Hoel, Olav Stølen og Kristen Ormberg. Olav og Kristen held fram til årbok nr. 7 er utgitt, deretter tek Oddmund over.

Eter mange års arbeid i Jostedal Historielag ynskte Liv Espe, Alfred Tuften og Lars Neset ikkje attval.

Sak 7. Val av valnemnd og revisor.

Kristen Ormberg og Åne Elgersma vart attvalde til valnemnda, Gunnar Ruud attvald som revisor.

Sak 8. Medlemskontingent.

Det var einigheit om å halde medlemskontingenten på 150 kr. Dersom Kommunen aukar kontingenten i løpet av året må JH følgje med.

Sak 9. Arbeidsplan, aktivitetar og budsjett for 2016.

Planlagt arbeid/aktivitetar er for det det meste gjennomført etter plan.

10. Andre saker. Her var ikkje noko spesielt som vart teke opp.

Årsmøtet vart avslutta med kaffi og kveldsmat, og så orienterte Kristen Ormberg og Olav Stølen om restaurering av Fossabrui og om stien Døsen – Viva.

Eigen nettstad. Heimesida til Jostedal Historielag (Oddmund L. Hoel er redaktør) finn ein på: <http://www.historielaget.jostedal.no>

Jostedal Historielag den 5. mars 2017.

Styret/ ved leiar